



Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Vår dato: 14.08.2014
Deres dato: 03.04.2014

Vår referanse: 2011/5754-13
Deres referanse: NVE 201002426-58 kv/jfj

Vår saksbehandler:
Håvard Hoftun, tlf. 32808730

Høring av søknadene med konsekvensutredning for Hol 1 Stolsvatn kraftverk og for konkurrerende prosjekt Mjåvatn kraftverk i Hol og Ål kommuner - uttalelse ang. kulturminnehensyn

Me syner til høyring av søknadar med konsekvensutgreiing for Hol 1 Stolsvatn kraftverk og for prosjekt Mjåvatn kraftverk i Hol og Ål kommunar – Buskerud fylke.

Kulturminneomsyn – Hol 1 Stolsvatn

Me syner til tidlegare korrenspondanse i saka, samt møte (12.09.2012) og synfaring (01.10.2012) mellom E-CO Energi, Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU) og Buskerud fylkeskommune. Synfaringa gjaldt vurdering av tiltak og registreringsbehov i høve til dei alternativ som vart presentert, blant anna i ulike utgreiingsområde skissert i utgreiingsprogram og påpeikt i brev frå fylkeskommunen av 17.02.2012.

Ut frå ei samla vurdering meiner me at konsekvensar for kulturmiljø og kulturminner er grundig vurdert av NIKU i sin rapport (155/2012). Mange av dei tiltaka som er vurdert er og synfart saman med fylkeskommunen. Ut frå KU-rapporten – deltema: kulturmiljø, er den samla vurderinga at kulturminner i liten eller ingen grad vert berørt av fysiske inngrep i landskapet. Hovudgrunnen til dette er at storparten av arbeidet vil gå føre seg enten i fjell, eller i område som det tidlegare har vore anleggsdrift og/eller massedeponi i (eksisterande).

Fylkeskommunen vurderer tiltaka slik at me ikkje vil krevje arkeologisk registrering. Me ber om at følgjande uttale vert innarbeida i føresengner: *"Dersom det under anleggsarbeid framkjem automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stoppast og utviklingsavdelinga i fylkeskommunen varslast, jmf. kulturminnelova sin §8, 2. ledd."*

Kulturminneomsyn – Mjåvatn kraftverk

Me syner til tidlegare korrespondanse i saka, blant anna dialog med planleggar SWECO og Småkraft AS ved Martin Vangdal.

Fylkeskommunen gjennomførte i 2013 ei arkeologisk registrering av dei planlagde tiltaka ved Mjåvatn. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne som kan komme i konflikt med utbygginga. Me syner til arkeologisk registreringsrapport og brev av 12.12.2013, vedlegg 1 og 2.

Ut frå dei dokumenta som er sendt over i denne høyringa ser me at kartmaterialet for Mjåvatn ikkje samsvarer heilt med det kartmaterialet som me fekk oversendt i dialog med Småkraft AS forut for registreringa i 2013. Me er forespegla at kabletraseen i stonda er noko ein har gått bort frå, og at ein heller vil forsøke å koble seg på ei kraftlinje sør for Rødungen. Me syner til e-post frå Småkraft AS saman med kart over tiltaket, vedlegg 3 og 4.

Fylkeskommunen vil oppmoda om at ein oppdaterer kartmateriale i tråd med dei planane som me har utført registreringa på. På dei gamle karta går kabletraseen i eit område som det er tett med automatisk freda kulturminne. Strandsona i Rødungen er heller ikkje utgreia i høve til kulturminne, og potensialet for å påvise fleire er vurdert til å vera stort. Fylkeskommunen ser det som uheldig å grave kabel i denne sona, og me ber om at dykk tek kontakt med oss dersom dette ikkje stemmer.

Med venleg helsing

Håvard Hoftun
arkeolog

Vedlegg

- 1 Mjåvatn kraftverk - Ål kommune - arkeologisk registrering ved Rødungen - melding om endt registrering
- 2 Arkeologisk registreringsrapport
- 3 Mjåvatn kraftverk - Ål kommune - angående krav om registrering ved Rødungen
- 4 Kart Mjåvatn

Kopi til:

Hol kommune		3576	Hol
Ål kommune	Torget 1	3570	Ål
E-CO Energi AS	Postboks 1050 Sentrum	0104	OSLO
Småkraft AS	Postboks 7050	5020	BERGEN